

Arkiv: <arkivID><jplD> FA-U01, FE-233
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 14.06.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
085/21	Utval for næringsutvikling og drift	22.06.2021

**Søknad til Næringsfondet 2021. Lindås Fotklinikk AS - Utstyr til oppstart av fotklinikk
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet *Utstyr til oppstart av fotklinikk* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 22.06.2021:

Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg til vedtak.

ND- 085/21 Vedtak:

Prosjektet *Utstyr til oppstart av fotklinikk* blir ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn

Lindås Fotklinikk AS er eit aksjeselskap. Bransje: 86.909 Andre helsetjenester. Registrert 11.03.2021. Kjelde: Proff.no

Saksopplysningar:

Søklar skal starte ein Fotklinikk på Lindås Nærsester, i same etasje som legekontor, kiropraktor, fysioterapeut og helsestasjon. Søklar jobbar også på Lindås Bu og service og Manger Velferdssenter kvar 6. veke.

Prosjektleveranse/Målsetting

For å etablere klinikken treng søklar behandlingsutstyr og noko innreiing, samt midlar til marknadsføring. Søklar legg vekt på at det er behov for denne type teneste i området. Ho ønskjer å gje pasientane sine eit heilskapleg tilbod ved å jobbe tverrfagleg med helsepersonell i same etasje.

Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Utstyr til oppstart av fotklinikk	150 000	75 000	0

Vurdering

Søknadar til næringsfondet i Alver blir vurdert ut frå føremål og målsettingar i vedtektene. Det blir gjort ei heilskapleg skjønsvurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til vekst, innovasjon og auka sysselsetting i kommunen. I tillegg blir det lagt vekt på at det er avgrensa med midlar i fondet.

Søknad om støtte til prosjektet får ikkje tildelt økonomisk støtte frå næringsfondet i denne omgang. Denne avgjerda er gjort ut frå ei totalvurdering av prosjektet.

Vedlegg i saken:

15.06.2021

21_Lindås Fotklinikk_soknad-2021-0120_01 mai 2021

1573582